



Helikopter på flystripa ved Ripel. Pilot er Geir Marken.

**Fleire frå Uskedalen er med og arrangerer når Folgefonn RC-klubb i samarbeid med Bergen Modellflyklubb inviterer til uttaksstemne i F3C-acro-flyging med radiostyrte helikopter på flystripa ved Ripel i Omvikdalen laurdag og sundag.**

Uskedalingane Tor Gundersen og Erlend Moen opplyser at dette er det andre av tilsaman fire uttaksstemne for landslaget. Fleire av dei beste pilotane i landet kjem for å konkurrera om å få representera Noreg i neste års VM. Det er omkring 10 påmeldte til stemnet.

Flyginga skal finna stad på flystripa ved Ripel og Moen forsikrar at tryggleiken for publikum er godt ivareteke. Dette er ein svært publikumsvenleg aktivitet, Flyginga skjer på små flater nær publikumsområdet og det vert sett opp tryggingsnett mellom dette området og flyområdet, opplyser Moen til innsida.no.

Det vert matservering under arrangementet, med sal av pølser, hamburgerar, vaflar, kaffi og brus. Parkering skjer på plassen utanfor skulen ved Dalheim.